



Vinje kommune
Næringskontoret



ÅRSMELDING 2010

BERUNUTEN VEST



Foto: LM (2010), Bamsebu, Fougnerhytta og hest på Glaimane.

ÅRSMELDING 2010

STYRET FOR BERUNUTEN VEST

❖ MEDLEMAR I STYRET OG ADMINISTRASJON

Perioden 2007 - 2011:	
<u>Styremedlemar:</u> Knut E. Jordstøyl Halvor Hamre Therese J. Moen/Gunn Aslaug S. Bøe Rune Kåsa Tommy Lindskog	<u>Personlege varamedlemar:</u> Tone Edland Ellen Gardsteig Erlend Larsen Björg Loftsgarden Thor Christiansen
Knut Erik Jordstøyl, leiar Halvor Hamre, nestleiar	

<u>Oppsynsmann:</u> Knut Henriksen
<u>Administrasjon:</u> Lasse Mathisen (sekr.) Toril Nicolaisen, næringssjef

❖ AKTIVITET I STYRET

Det har blitt halde 2 møte dette året, årsmøte i april og telefonmøte i desember. Som leiar for Berunuten vest er Knut Erik Jordstøyl leiar av Vinje HG, han er òg medlem av HG sentralt. Som styremedlem i HG er Jordstøyl valt inn som styremedlem i Hardangervidda fjelloppsyn AS.


❖ OPPSUMERING JAKT OG FISKE

Villrein:

Det var 218 søkjarar til villreinjakta, ein nedgang på 17 frå 2009.

Type kort	Tal løyve	Felte dyr	% Felling	Kortpris inkl. statleg avg.
FRITT DYR	5	3	27 %	2 200 kr
SIMLE/UNG DYR	13	3		1 500 kr
KALV	4	0		500 kr
TIL SAMAN	22	6		


Villrein, kvote/felling perioden 2000-2010:



Villreinnemnda for Hardangervidda området vedtok ei kvote på 2000 dyr denne sesongen. Det blei felt 6 dyr på Berunut korta, og 4 av dyra blei felte på andre vald i Vinje kommune! Ut i frå fellinga kan ein lesa at det ikkje var mykje dyr på eigedomen denne hausten, men dei var innom ein tur i midten av september. Kalvekorta blei også i år delte ut til fyrstegongs jegerane, 16 - 17 åringane, og dette blei godt motteke. Det var ingen av dei som fekk utteljing, men vi får håpe dette gav meirsmak.


Berunuten hadde stor pågang frå "framandjegerar" som ynskte å nytte korta sine i Songaområdet. Desse jegerane blei slepte inn i puljer frå 13. september og ut jakta. I overkant av 50 kort var med på denne ordninga i 2010. Jegerar som kjem inn på eigedomen er veldig fornøgd med tilbodet.

Storviltjakt, aldersfordeling søkjarar:



Det er mykje snakk om "forgubbing" blant jegerane på vidda. Her ser vi utviklinga over kven som søkjer jakt på Berunuten. For ti år sidan hadde Berunuten ein større del av søkjarane i aldersklassa opp til 35 år enn tilfelle er i dag. Vi ser at tyngdepunktet forskyver seg oppover i aldersklassene, men kanskje ikkje så mykje som ein hadde trudd!

Kvinneandel, jaktsøkjarar:



Her er ein oversikt over utviklinga mellom kvinner og menn som søker jakt på Berunuten. Som vi ser er jakta ein mansbastion, men vi har heldigvis òg ei utvikling der fleire kvinner søker jakt. Har kommunen ein jobb å gjere her ?

Elg:

Elgjakta blei lyst ut til innanbygds buande, det var 144 søkjarar, ein nedgang på 20 frå 2009. Berunuten hadde 2 løyve, okse og kalv. Det blei felt ein okse på 160 kg. Det blei ikkje sett kalv på eigedommen denne hausten.

Prisar elg:

	Okse	Kalv
Innanbygds	4 500 kr	1 500 kr

Småvilt:

Alt sal av småviltjakt skjer no gjennom Inatur, dette for å kunne halde styr på tal kort som blir selt til einkvar tid. Pga liten rypebestand vedtok styret også dette året å redusere tilgangen på kort. Jaktstart blei sett til 1. oktober, og det blei sett eitt tak på maks 5 kort pr jakt dag, både for innbyggjarar i Vinje og andre. Maks kvote på 3 ryper/jeger/dag.

Til vinterjakta blei det selt 50 dagskort (17 til innanbygds) og 1 vekekort. Til haustjakta blei det selt 52 dagskort (5 til innanbygds) og 4 vekekort.

Jakttrykket er om lag det same som i 2009, og med dei tiltaka som er sette inn, er jakta redusert med over 60 % samanlikna med tida før regulering. Vi ser at det største jakttrykket ligg på fjellrypa, dette er naturleg da terrenget til Berunuten vest alt vesentleg er eitt fjellryperrenng.

Prisar småvilt:

	Dagskort	Vekekort	Sesongkort	Snarefangst
Innanbygds	100 kr	400 kr		500 kr
Utanbygds	200 kr	1 000 kr		



Foto: LM



Småvilt, felt/sett:

Viltart	Vinterjakta, 01.01 - 28.02		Haustjakta, 01.10 - 23.12		Totalt felt
	Felt vilt	Sett vilt	Felt vilt	Sett vilt	
Rype	9	141	9	110	18
Lirype	0	1	4	43	4
Fjellrype	2	12	29	285	31
Hare	0	0	2	4	2
Raudrev	0	0	0	0	0

Denne rapporten baserar seg på 32 av totalt 107 moglege jaktrapportar!

Sportsfiske/Isfiske/Garnfiske:

Sal av fiskekort auka sett i forhold til året før. Kommunen får tilbakemelding om fin fisk i enkelte av vatna inne på eigedomene. Kvaliteten på fisken i Songa varierar, noen meiner den er brukbar andre ikkje! Dette avhenger nok litt av kor i vatnet det blir fiska. Vi var i 2008 redde for at fiskarane såg seg om etter andre vatn, og at fisket i Songa ville minke, men det ser heldigvis ikkje slik ut.

Berunuten har ute 35 årssett med garndobber. Etter purring kom det inn 30 rapportar. I Songa er det tatt opp 363 kg fisk, med ei snittvekt på om lag 310 gram. Det er tatt opp om lag 100 kg fisk i Hellevatn.

Prisar fiske:

Sportsfiske	Dagskort	Vekeskort	Årskort		
Innanbygds	50 kr	150 kr	300 kr		
Utanbygds	75 kr	200 kr	350 kr		
Garnfiske	Døgnkort (pr dobbe)		Årskort (10 garn)		
Innanbygds	10 kr		650 kr (inkl. pant)		

❖ HYTTENE

Av "store" ting som er gjort på hyttene i år er:

Fougnerhytta: Det er lagt nytt tak på den gamle delen. Reisverket til tilbygget er satt opp, og plata ferdig utvendig. Pipe er montert.

Glaimane: Gesimser, israftbord, ventilator, ny kjøkkenbenk og vinduslemmer er monterte. Opprydding under hytta.

Bamsebu: Foringer rundt ytterdør og vindu i gangen. Skiftet ytterkledning på gavlveggen mot sør.

Prisar overnatting:

	Rasting	Pr. døgn
Innanbygds	25 kr	100 kr
Utanbygds	50 kr	200 kr

Born under 16 år gjekk for $\frac{1}{2}$ pris, dette for innanbygds- og utanbygds buande.

❖ **OPPSYNSMANNEN**

Oppsynsmannen er for perioden 2008-2010 tilsett i 70 % stilling. Oppsynsmannen har vore sjukmeld ein periode dette året.

Sjå eigen rapport frå oppsynsmannen.

❖ **ØKONOMI**

Inntektene har auka dette året, og da spesielt på fiske, storviltjakt og noko på overnatting. Ein stor del av auken skuldast òg refusjon for sjukeløn. Post 11800 i regnskapet er ei feilføring. Regnskapet viser da eitt underskot på kr 41 490,-, som er godt under halvparten av underskotet for 2009. Berunuten er ein del av totalregnskapen for Næringskontoret, og underskotet kjem av auka stilling til oppsynsmannen og meirutgifter til vedlikehald. Overskridinga er avklart med Næringskontoret.

Syner elles til rekneskapen for 2010.

❖ **PLANAR FOR 2011**

- Fougnerhytta: Gjøre tilbygget ferdig utvendig
- Generelt: Innkjøring av ved/propan/utstyr. Utkjøring av søppel og skrot. Mindre småarbeid på hyttene. Generelt oppsyn på eigedomen.

Da vår faste oppsynsmann vil vere sjukmeld fyrste del av året, legg vi ikkje opp til dei store bygningsmessige tiltaka i vintersesongen. Planen tidlegare var å fullføre arbeidet med Fougnerhytta i 2011, dette blir utsett eitt år.

Det er gjort "avtaler" med Vinje/Haukeli Røde kors og Hardangervidda fjelloppsyn AS om dei "daglege" gjeremåla på eigedomen for vintersesongen 2011.

Vinje kommune
Næringskontoret
Mars 2011

Knut Erik Jordstøyl /s/
leiar

Lasse Mathisen /s/
sekr.



